



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valstyret nye Volda kommune
Møtestad: Honndalshallen
Dato: 01.11.2018
Tid: 13:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/18	Valstyret Nye Volda kommune - Delegering av oppgåver og mynde
PS 4/18	Valkrinsar, røystelokale og opningstider på valdagen kommune- og fylkestingsvalet 2019
PS 5/18	Innføring av elektronisk manntal på valdagen - kommune- og fylkestingsvalet 2019

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/1906
		Arkivkode:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Valstyret nye Volda kommune	01.11.2018

VALSTYRET NYE VOLDA KOMMUNE - DELEGERING AV OPPGÅVER OG MYNDE

Administrasjonen si tilråding:

Valstyret delegerer mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter til leiar for valstyret og eit arbeidsutval (valsekretariat) leia av sektorsjef for kultur og service i Volda kommune.

Uprenta saksvedlegg:

Vallova
Valghåndboken

Saksopplysningar/fakta:

Vallova med forskrift har ikkje eigne reglar om delegering av valstyrets mynde, det er kommunelovas reglar om delegering av mynde som er gjeldande. Delegeringsmoglegheit omfattar enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. kl. § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4.

Valstyrets leiar, eit arbeidsutval eller rådmann kan gis vedtaksmynde i saker som etter lova er gitt til valstyret. Det er likevel avgrensingar med omsyn til omfang og sakstype. Konkrete saker kan delegerast. I tillegg opnar lova for moglegheit til å delegere «saker som ikkje er av prinsipiell betydning».

Valghåndboken gir ikkje direkte svar på kva som kan sjåast på som prinsipielle, men seier at saker som er av rein praktisk art sjeldan vil vere av prinsipiell betydning. Dette vil typisk vere gjeremål som å sette opp manntall og legge det ut til offentleg ettersyn, kome med kunngjeringar, lage lister over klager, underrette veljarar og kandidatar, trykking av stemmesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell betydning og kan også delegerast. Valstyret kan ikkje delegere dette til leiar åleine, men leiar må gjere dette saman med valstyret sin sekretær eller annan valgmedarbeidar. Dette er heimla i valgforskriften § 35 som seier at det skal vere to personar til stades ved opning av røystegjevingar. Vidare seier forskrifta at dersom opning av omslags- og røystesetelkonvoluttar foregår samstundes, må dette ikkje utførast av same personane. Bakgrunnen for dette er prinsippet om hemmeleg val.

Døme på saker av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, kan i følge Valghåndboken vere: å treffe avgjerd om listeforslag og om tilbakekalling av listeforslag skal godkjennast, samt forkastelse av røystegivingar.

Delegeringsvedtaket må lesast med den avgrensing at den som har fått delegert mynde, har plikt til å gå tilbake til valstyret dersom ei enkeltsak innanfor ein generell fullmakt må sjåast på som ein prinsipiell karakter.

Vurdering og konklusjon:

I følge vallova § 10-1 er det valstyret som skal godkjenne førehandsrøysting avgitt i røystesetelkonvolutt. Dersom kommunen skal foreta prøving av førehandsrøysting fortløpande, må enten valstyret ha kontinuerlige møte for å prøve førehandsrøystene, elles så må det gis fullmakt til eit arbeidsutval. Rådmannen rår til at valstyret gir fullmakt til å godkjenne kurante førehandsrøyster til eit arbeidsutval (:valsekretariatet) leia av sektorsjef for kultur og service i Volda kommune. Det vil vere praktisk at også dette arbeidsutvalet har fullmakt til å treffe avgjerder på vegne av valstyret også i andre ikkje-prinsipielle saker, som nemnt ovanfor.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret – valsekretariatet



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/1723

Arkivkode: 014

Utvalsaksnr **Utsel**
4/18 Valstyret nye Volda kommune

Møtedato
01.11.2018

VALKRINSAR, RØYTELOKALE OG OPNINGSTIDER PÅ VALDAGEN KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET 2019

Administrasjonen si tilråding:

Nye Volda kommune skal ha følgjande røystekrinsar, røystelokale og opningstider:

Røystekrins	Lokale	Opningstider
<i>Hornindal krins</i>	<i>Smia</i>	<i>12.00-20.00</i>
<i>Øyra krins</i>	<i>Volda samfunnshus</i>	<i>09.00-20.00</i>
<i>Mork krins</i>	<i>Mork skule</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Dalsfjord krins</i>	<i>Dalsfjord skule</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Folkestad krins</i>	<i>Folkestad skule</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Austefjord krins</i>	<i>Austefjord skule</i>	<i>12.00-18.00</i>

Vedleggsliste:

Valkrinsar nye Volda kommune – Bjørke og Viddal – Høyving

Kartverket – Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019

Endring av stemmekretser i forkant av valget 2019

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet

Ola Perry Saure - Uttale til fellesnemnda for nye Volda. Nedlegging av Bjørke valkrins.

Uprenta saksvedlegg:

Lov om valg til Storting, fylkesting og kommunestyre (valgloven)
Forskrift om valg til Storting, fylkesting og kommunestyre (valgforskriften)
Intensjonsavtale. Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar
Protokoll valstyret Hornindal kommune, valet 2017
Protokoll valstyret Volda kommune, valet 2017
Protokoll valstyret Ørsta kommune, valet 2017

Saksopplysningar:**Røystekrinsar**

I følgje valgloven § 9-3.1 er det fellesnemnda, eller valstyret etter delegering, som tek avgjerd om kor mange røystekrinsar ei kommune skal ha. Hornindal kommune er inndelt i ein røystekrins, med vallokale på Smia. Volda reduserte sine røystekrinsar ved Stortings- og sametingsvalet 2017, frå 16 til 5 røystekrinsar. Bakgrunnen for samanslåing av krinsar var at fleire røystekrinsar hadde so få røysteføre at ein kan stille spørsmål om prinsippet om hemmeleg val eigentleg var oppfylt. I ein røystekrins med færre enn 100-150 røysteføre kan det i utgangspunktet vere vanskeleg å halde hemmeleg val. Erfaringar frå sist val viser også at ein stor del av veljarane vel å ikkje røyste i «sin» krins på valdagen. Dei røysta enten ved ein av dei andre krinsane i kommunen, eller ved førehandsrøysting.

Erfaringane av valgjennomføringa i Volda kommune viste at samanslåinga av krinsar var positivt. Det var høg deltaking både ved førehandsrøystinga og ved valtingsrøystinga. Valdeltakinga var på 81,5 %. Landsgjennomsnittet var på 78,2. Det var 29,1 % som førehandsrøysta. Tilbakemeldinga frå leiarane og nestleiarane i dei nye røystekrinsane, viste at dei var godt nøgde med dei nye krinsane, jf. Valstyret, PS 14/17 *Evaluering av valgjennomføringa 2017*.

Hornindal har gjort tilsvarende reduksjon i sine røystekrinsar. Ved valet i 1999 hadde Hornindal 5 røystekrinsar, valet i 2003 vart krinsane redusert til 3 og ved valet i 2015 vart krinsane slått saman til ein felles krins for heile kommunen. Valadministrasjonen i Hornindal opplyser at valgjennomføringa har fungert godt. Valdeltakinga ved Stortingsvalet 2017 var på 81,4 %, Av 884 røysteføre var det 216 som førehandsrøysta og 503 som røysta på valdagen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde i 12. januar 2018 vedtak om at kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal vert justert slik at Maurset i dagens Hornindal, blir ein del av Stryn kommune frå 1. januar 2019. Då saka vart handsama i departementet, vart det registrert 19 innbyggjarar på Maurset.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde 2. juli 2018 også vedtak om at kommunegrensa mellom Volda og Ørsta kommunar vert justert, slik at Bjørke og Viddal vert ein del av nye Volda kommune frå 01.01.2020. Bjørke har, ifølgje Ørsta kommune, om lag 100 røysteføre. Det går fram av valprotokollen frå Ørsta kommune for Stortingsvalet 2017, at 57 personar røysta i Bjørke krins på valdagen 12. september 2017. Sett i lys av det arbeidet Volda kommune gjorde ved førre val, med reduksjon av røystekrinsar og tal på røysteføre ved Bjørke og Viddal, samt faktisk oppmøte på valdagen i Bjørke krins, vil det vere naturleg at Bjørke og Viddal vert innlemma i Hornindal krins eller Austefjord krins.

Bjørke grendautval og Viddal grendalutval har fått saka til uttale, og er oppmoda om å kome med innspel om kva krins innbyggjarane på Bjørke og Viddal vil høyre til; Hornindal valkrins eller Austefjord valkrins. I praksis gjeld dette kvar innbyggjarane på Bjørke og Viddal vil røyste

på valdagen. Førehandsrøysting kan ein gjere ved alle førehandslokale i perioden 01.07.19-06.09.19.

Bjørke grendautval og Viddal grendautval har ikkje svara på høyringa om kva krins grendene skal høyre til. Volda kommune har derimot motteke ei fråsegn frå Ola Perry Saure, fråsegna vert lagt til som vedlegg til saka til orientering.

For den administrative valgjennomføringa har det lite verknad kva krins Bjørke og Viddal vert innlemma i. Bjørke har tidlegare valt at elevane frå Bjørke skal gå på skule i Hornindal. Vidare seier intensjonsavtalen at Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule. Sett i lys av dette rår rådmannen til at Bjørke og Viddal vert ein del av Hornindal krins.

Røystekrins	Røysteføre ved førre val 2017	Røysta i krinsen valdagen 2017
Hornindal krins	Hornindal 884 + Bjørke ca. 100	Bjørke 57 Hornindal 503
Øyra krins	4711	2335
Mork krins	584	325
Dalsfjord krins	446	226
Folkestad krins	592	300
Austefjord krins	260	138

Vallokale

Valgloven § 8-3 seier at vallokala skal vere egna og tilgjengeleg, veljarane skal kunne ta seg inn i vallokalet utan hjelp. Andre lokale skal ikkje nyttast dersom det ikkje er særlege grunnar for dette. Vidare går det fram av valforskriften § 26 og § 30 at vallokalet skal ha god tilgjengelegheit inne i sjølve vallokalet, som til dømes skilting/merking, framkommelegheit, logistikk, lysforhold og valutstyr som avlukke, urne og stemmesetlar. Departementet påpeikar at kommunane må ha eit bevisst forhold til val av vallokale i forhold til tilrettelegging valdagen. Det er viktig at ein er bevisst på at ein stor del av befolkninga har redusert funksjonsevne i delar av livet, til dømes ved skader, sjukdom eller på grunn av aukande alder.

Dersom fellesnemnda vedtek å innføre elektronisk manntal på valdagen, er det viktig at alle vallokale har god digital infrastruktur. Alle vallokale må ha stabil nett-tilgang, med gode back-up løysingar på nett-tilgangen. Dette er lettast å få til i lokale som kommunen eig sjølve, som til dømes skular. Det vert difor tilrådd at ein i Dalsfjord krins endrar røystelokale til Dalsfjord skule, og at Grendahuset Vesttun utgår som røystelokale.

Med bakgrunn i universell utforming og digital infrastruktur tilrår rådmannen følgjande røystelokale på valdagen:

Røystekrins	Lokale
<i>Hornindal krins</i>	<i>Smia</i>
<i>Øyra krins</i>	<i>Volda samfunnshus</i>
<i>Mork krins</i>	<i>Mork skule</i>
<i>Dalsfjord krins</i>	<i>Dalsfjord skule</i>
<i>Folkestad krins</i>	<i>Folkestad skule</i>
<i>Austefjord krins</i>	<i>Austefjord skule</i>

Vallokala ovanfor stettar krava frå vallova og har den digitale infrastrukturen som er naudsynt for å ta i bruk elektronisk manntal.

Tid for røystegiving – opning og lukking av vallokale

I følgje vallova § 9-3 er det i utgangspunktet valstyret som avgjer opningstidene på røystelokala valdagen, kommunestyret (fellesnemnda) kan likevel med minst eit 1/3 fleirtal av medlemene, vedta å holde vallokala opne lenger enn det valstyret har vedtatt. Men det er likevel ikkje høve til å ha lenger opningstid enn kl. 21.00 på måndag 9. september. Vallova gir ingen føringar utover dette, i høve opningstid til vallokala på valdagen.

Evalueringa frå Stortings- og sametingsvalet 2017 viste at opningstidene fungerte godt. Valgjennomføringa gjekk greitt i alle krinsar. Det var god flyt i røystelokala og lite kødanning i lokala. Rådmannen tilrår slik tid for røystegiving – opning og lukking av vallokale valdagen 9. september 2019:

Røystekrins	Opningstider
<i>Hornindal krins</i>	<i>12.00-20.00</i>
<i>Øyra krins</i>	<i>09.00-20.00</i>
<i>Mork krins</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Dalsfjord krins</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Folkestad krins</i>	<i>12.00-18.00</i>
<i>Austeffjord krins</i>	<i>12.00-18.00</i>

Rune Sjurgard
Prosjektleiar

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur- og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Valadministrasjonen



NYE VOLDA KOMMUNE

Bjørke grendalag
Viddal grendalag

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1723	12623/2018	033	SVK/ SONHAV	13.09.2018

VALKRINSAR NYE VOLDA KOMMUNE - BJØRKE OG VIDDAL - HØYRING

Kommunal og moderniseringsdepartementet gjorde 2. juli 2018 vedtak om at kommunegrensa mellom Volda og Ørsta kommunar vert justert, slik at Bjørke og Viddal vert ein del av nye Volda kommune frå 01.01.2020. Det er fellesnemnda i nye Volda kommune som skal ta avgjerd om kor mange røystekrinsar nye Volda kommune skal ha, og kva krins Bjørke og Viddal skal innlemmast i.

Hornindal kommune har ein valkrins, med røystestad på Grodås. Volda kommune reduserte ved sist val tal på røystekrinsar frå 16 til 5 røystekrinsar og har røystekrinsane: Austefjord krins (ca. 250 røysteføre), Folkestad krins (ca. 590 røysteføre), Dalsfjord krins (ca. 450 røysteføre), Øyra/sentrum krins (ca. 4700 røysteføre) og Mork krins (ca. 600 røysteføre). Bakgrunnen for samanslåing av krinsar var at fleire røystekrinsar hadde so få røysteføre at ein kan stille spørsmål om prinsippet om hemmeleg val eigentleg var oppfylt. I ein røystekrins med færre enn 100-150 røysteføre kan det i utgangspunktet vere vanskeleg å halde hemmeleg val. Erfaringar frå sist val viser også at ein stor del av veljarane vel å ikkje røyste i «sin» krins på valdagen. Dei røysta enten ved ein av dei andre krinsane i kommunen, eller ved førehandsrøysting.

Erfaringane av valgjennomføringa viste at samanslåinga av krinsar var positivt. Det var høg deltaking både ved førehandsrøysting og ved valtingsrøystinga. Valdeltakinga var på 81,5 %. Landsgjennomsnittet var på 78,2. Det var 29,1 % som førehandsrøysta. Tilbakemeldinga frå leiarane og nestleiarane i dei nye røystekrinsane, viser at dei var godt nøgde med dei nye krinsane.

Bjørke har, ifølgje Ørsta kommune, om lag 100 røysteføre. Sett i lys av det arbeidet Volda kommune gjorde ved førre val, med reduksjon av røystekrinsar og antall røysteføre ved Bjørke og Viddal, vil det vere naturleg at Bjørke og Viddal vert innlemma i Hornindal krins eller Austefjord krins.

Det er viktig å ivareta alle veljarar i kommunen. Dersom ein veljar av helsemessige årsaker ikkje kan delta i førehandsrøystinga eller ikkje kan møte til vallokalet på valdagen, skal kommunen tilby ambulerande røysting for dei som treng dette.

Fellesnemnda i nye Volda kommune har frist til 1. desember 2018 for å ta stilling til kva valkrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og vil handsame saka i møte den 1. november 2018.

Bjørke grendautval vert bedne om å kome med innspel til kva krins innbyggjarane på Bjørke ynskjer å høyre til; Hornindal krins eller Austefjord krins. I praksis gjeld dette kvar innbyggjarane på Bjørke og Viddal vil røyste på valdagen. Førehandsrøysting kan ein gjere ved alle førehandslokale i perioden 01.07.19-06.09.19.

Høyringsfrist vert sett til 5. oktober 2018.

Vedlegg:

Kartverket – Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019, datert 20.06.2018

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Endring i stemmekretser i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 for berørte kommuner av grenseendringer, datert 13.06.2018

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 18/21896-6

20.06.2018

Ark.: 326.33

Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019

Vi viser til brev av 13. juni 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til valstyret i kommunane om endring av stemmekrinsar (vedlegg 1). Brevet er tidlegare sendt til valstyret i kommunane.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 skal gjennomførast som om samanslåingane og grensejusteringane i 2020 allereie har trådd i kraft. Departementet har bede Kartverket, Valgdirektoratet og Skattedirektoratet om å gjere naudsynte førebuingar og tilpassingar av dei digitale systema våre. Vi har i samband med det sett ned ei arbeidsgruppe for å koordinere dette arbeidet.

Manntalet skal genererast ut frå komande kommuneinndeling, men matrikkelen må vise faktisk kommunetilhøyr til ei kvar tid. Det elektroniske valadministrasjonssystemet, EVA, må vise komande kommuneinndeling. Stemmekrinsane må derfor bli gjevne unike numre i matrikkelen i høve til både gjeldande kommune og komande kommune. Adressene i matrikkelen vil slik danne riktig grunnlag som Skattedirektoratet og Valgdirektoratet kan starte å teste mot.

I samband med dette arbeidet vil Kartverket som sentral matrikelstyresmakt føre dei unike numra i registeret i matrikkelen i dei aktuelle kommunane (vedlegg 2). Vi vil følge gjeldande prinsipp for krinsar ved kommunesamanslåing. Kommunen med flest adresser beheld sine krinsnummer. Nest største kommune blir nummerert etter neste ledige nummer i den største kommunen. Eventuelle grensejusteringsområde blir lagt til sist med neste ledige nummer i mottakarkommunen. Når dette er gjort, vil ikkje kommunane trenge å gjere ytterligare endringar i stemmekrinsane knytt til arbeid med kommunesamanslåing.

Arbeidet er planlagt utført av Kartverket i løpet av tidleg haust 2018. Vi vil melde frå i nytt brev når nye nummer er lagt inn i registeret i matrikkelen. Kommunen vil då få tilsendt oversikt over stemmekrinsane som ligg i matrikkelen ordna etter ny kommuneinndeling. Vi kjem også til å sende med SOSI-fil som skal vise det same grunnlaget.

Ved vedtak om endring av stemmekrinsar, jf. vallova § 9-3, kan kommunane nytte tilsendt SOSI-fil til å oppdatere inndelinga og sende den til Kartverket for innlesing i matrikkelen. Vi oppmodar om at de ikkje endrar nummerinndelinga unødig. Dersom det likevel er behov for å endre nummerinndelinga, må kommunen sjå til at det blir unike nummer innanfor alle berørte kommunar innanfor same grenseendringsprosess. Endringane må også bli meldt inn til Kartverket omgåande av omsyn til testing hos Skattedirektoratet og Valgdirektoratet.

Kommunar som er involvert i kommunegrenseendringar er i brevet frå departementet oppmoda om å vedta eventuelle endringar innan 1. desember 2018, og melde dette inn til Kartverket.

Med venleg helsing

Jens Christian Leonthin
Juridisk direktør

Carina Tolpinrud Jøntvedt
Sakshandsamar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Vedlegg:

1. Brev av 13. juni 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til valstyret i kommunane
2. Brev av 13. juni 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Kartverket

Mottakarliste:

Moss kommune
Rygge kommune
Trøgstad kommune
Spydeberg kommune
Askim kommune
Eidsberg kommune
Hobøl kommune
Rømskog kommune

Aurskog-Høland kommune
Ski kommune
Oppegård kommune
Ås kommune
Sørumsund kommune
Fet kommune
Skedsmo kommune
Asker kommune

Røyken kommune
Hurum kommune
Drammen kommune
Nedre Eiker kommune

Svelvik kommune
Sande kommune
Holmestrand kommune
Tønsberg kommune
Re kommune

Bø kommune
Sauherad kommune

Audnedal kommune

Lyngdal kommune
Mandal kommune
Marnardal kommune
Lindesnes kommune
Kristiansand kommune
Songdalen kommune
Søgne kommune

Stavanger kommune
Rennesøy kommune
Finnøy kommune
Sandnes kommune
Forsand kommune

Fusa kommune
Os kommune
Sund kommune
Fjell kommune
Øygarden kommune
Granvin herad
Voss kommune
Jondal kommune
Odda kommune
Ullensvang herad
Meland kommune
Radøy kommune
Lindås kommune

Hornindal kommune
Flora kommune
Vågsøy kommune
Balestrand kommune
Leikanger kommune
Sogndal kommune
Selje kommune
Eid kommune
Gaular kommune
Jølster kommune
Førde kommune
Naustdal kommune

Halsa kommune
Volda kommune
Ålesund kommune
Ørskog kommune
Haram kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Norddal kommune
Stordal kommune
Fræna kommune
Eide kommune
Molde kommune
Midsund kommune
Nesset kommune

Hemne kommune
Snillfjord kommune
Hitra kommune
Agdenes kommune
Meldal kommune
Orkdal kommune
Trondheim kommune
Klæbu kommune
Ørland kommune
Bjugn kommune
Åfjord kommune
Roan kommune
Steinkjer kommune
Verran kommune
Namsos kommune
Namdalseid kommune
Fosnes kommune
Vikna kommune
Nærøy kommune

Tjeldsund kommune
Narvik kommune
Ballangen kommune
Tysfjord kommune
Hamarøy kommune

Skånland kommune
Tranøy kommune
Torsken kommune
Berg kommune
Lenvik kommune

Hammerfest kommune
Kvalsund kommune

Valgstyret i kommunene

Deres ref

Vår ref

Dato

18/2538-1

13. juni 2018

Endring av stemmekretser i forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 for kommuner berørt av grenseendringer

Etter valgloven § 9-3 første ledd skal kommunestyret, eller valgstyret etter delegering, avgjøre hvor mange stemmekretser kommunen skal deles inn i. Sentral matrikkelmyndighet (Kartverket) skal orienteres om endringer i stemmekretsinnstillingen innen 31. mars i valgåret.

Stortinget behandlet kommune- og regionreformene 8. juni 2017, og vedtok en rekke kommune- og fylkessammenslåinger. I etterkant satte departementet i gang prosesser for å vurdere justering av både kommune- og fylkesgrenser. Det tas sikte på at alle vedtak om endring av kommune- og fylkesgrenser skal være på plass innen sommeren 2018.

Kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019 skal gjennomføres som om grenseendringene allerede har funnet sted. En konsekvens av dette er at manntallet for valget må kobles mot ny kommuneinndeling, før denne har trådt i kraft.

Departementet har i samarbeid med Kartverket, Skattedirektoratet og Valgdirektoratet kartlagt de nødvendige tiltakene som må iverksettes i forbindelse med valggjennomføringen for å sikre at alle kommuner får et korrekt manntall basert på inndelingen fra 1. januar 2020. Tiltakene krever tekniske tilpasninger, og følger en stram tidsplan.

På bakgrunn av dette oppfordrer departementet kommuner som er berørt av endringene i kommunestruktur å vedta endringer i stemmekretser innen **1. desember 2018**.

Endringene må deretter meldes inn til Kartverket, så matrikkelen kan bli oppdatert.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Sissel Lian
22 24 68 89

Det er nedsatt en arbeidsgruppe der både Valgdirektoratet, Kartverket og Skattedirektoratet er representert. Arbeidsgruppen skal identifisere de særskilte utfordringene knyttet til valggjennomføringen i 2019, og skal skissere løsninger for disse utfordringene. Arbeidsgruppen skal deretter vurdere hvilke tiltak som må settes i verk for at valget i 2019 skal kunne gjennomføres som planlagt.

En allerede identifisert forutsetning for at valget skal gjennomføres i samsvar med nye kommunegrenser, er at Kartverket som første steg må omnummerere enkelte stemmekretser som er berørt av endringene, slik at disse får unike numre. Omnummereringen har ingen materiell betydning, og har ingen innvirkning på selve kretsinnndelingen. Kartverket vil informere de berørte kommunene v/ lokal mantrikkemyndighet om dette i et eget brev.

Spørsmål rundt endring i stemmekretser og gjennomføringen av valget i 2019 rettes til Valgdirektoratet på post@valg.no.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Sissel Lian
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Finansdepartementet
Kartverket
Skattedirektoratet
Valgdirektoratet

Kartverket
Postboks 600
3507 HØNEFOSS

Deres ref

Vår ref
18/2538-2

Dato
13. juni 2018

Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til vårt brev 27. april 2018 hvor vi ba Kartverket om å tilrettelegge for utarbeidelse av manntall til kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019, samt møte om dette 31. mai 2018. Vi vil med dette gi noen utdypende kommentarer.

Kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019 skal gjennomføres basert på endringer i kommuneinndelingen slik de vil gjelde fra 1. januar 2020. Det er i den forbindelse nødvendig å gjøre forberedelser i matrikkelen allerede i inneværende år. I matrikkelen er stemmekretsene identifisert med bruk av entydige identifikatorer (nummer). Ved endringer i kommuneinndelingen slik som sammenslåinger, grenseendringer eller endret regiontilknytning, kan det være behov for å endre eller tildele nye identifikatorer i matrikkelen for at disse fortsatt skal være entydige. Disse endringene er av teknisk karakter og har ikke i seg selv betydning for stemmekretsene. Departementet ber Kartverket om å gjøre de nødvendige tekniske oppdateringer og endringer av identifikatorene så snart de kommende endringene i kommuneinndelingene er vedtatt. Kartverket gjør dette som sentral matrikelmyndighet, jf. matrikellova § 5 a første ledd.

Alle kommuner skal fastsette endelig inndeling i stemmekretser og melde endringene inn til Kartverket innen 31. mars i valgåret, jf. valgloven § 9-3 første ledd. Kartverket kan i forbindelse med matrikkelføringen instruere om bruk av entydige identifikatorer for stemmekretsene, jf. matrikkelforskriften § 4 første ledd. Kommuner som berøres av endringer i kommuneinndelingen, vil i eget brev fra departementet bli oppfordret til å fatte foreløpig vedtak om inndeling i stemmekretser, og til å føre dette i matrikkelen i god tid før fristen.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Sissel Lian
22 24 68 89

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Sissel Lian
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Finansdepartementet
Skattedirektoratet
Valgdirektoratet

Ola Perry Saure

Skjåstaddalen 677

6190 Bjørke

2. oktober 2018

Til

Fellesnemda i Nye Volda kommune

Rådhuset i Volda

6100 Volda

Nedlegging av Bjørke valkrins

Eg les i lokalavisene at valkrinsen på Bjørke skal leggst ned, og at folk på Bjørke og Viddal skal få høve til å velje anten Hornindal eller Austefjord som ny valkrins og røystestad.

Det var nok fleire enn meg som reagerte på dette i mi heimbygd. Det står i sterk kontrast til det som vart fronta i «valkampen» for å få Bjørkefolket til å velje nye Volda: Det var auka medbestemmelse m.m for oss på Bjørke, og der leiaren i fellesnemda ikkje sparte på lovnadane for framtida for Bjørke.

Då er det med stor undring vi registrerer at fyrste «myndigheitsutøving» for Bjørkebygda, frå nye Volda, er å legge ned vallokalet på Bjørke. Det er både skammeleg og respektlaust!

Difor lat valkrinsen på Bjørke bestå med Haukly som vallokale som før, og skulle ein meine at det vert for gjennomsiiktig med for få røysteføre, kan ein blande røystene frå Austefjorden i lag med Bjørke sine under oppteljinga.

Med helsing

Ola Perry Saure



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/1802
		Arkivkode:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Valstyret nye Volda kommune	01.11.2018

INNØRING AV ELEKTRONISK MANNTAL PÅ VALDAGEN - KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET 2019

Administrasjonen si tilråding:

Valstyret vedtek å innføre elektronisk manntal ved kommune- og fylkestingvalet 2019.

Uprenta saksvedlegg:

1. Valgdirektoratet: Elektronisk avkryssing i manntall på valgdagen, datert 01.09.2016:
https://valgmedarbeiderportalen.valg.no/Administrasjon/_layouts/15/WopiFrame.aspx?sourcedoc=/Administrasjon/Documents/Brev%20om%20elektronisk%20avkryssing%20i%20manntallet.pdf&action=view&source=http%3a//valgmedarbeiderportalen.valg.no/Administrasjon/Documents/Forms/AllItems.aspx?InitialTabId=Ribbon.Document&VisibilityContext=WSSTabPersistence
2. Valgloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>
3. Intensjonsavtale. Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar:
https://nyevolda.files.wordpress.com/2017/06/intensjonsavtale_samanslaaing_av_hornindal_og_volda_kommunar.pdf
4. PS 29/17 Fellesnemnda nye volda kommune 16.11.2017

Saksopplysningar/fakta:

Valgdirektoratet har i brev datert 01.09.2016 informert om endringar i vallova som opnar for at kommunar kan ta i bruk elektronisk manntal på valdagen, jf. valgloven § 9-5 a.

Ordninga har vore gjennomført av fleire kommunar ved dei siste vala og evalueringa viser at dei som har delteke i ordninga har vore svært nøgde. Eit elektronisk manntall vil effektivisere

valgjenomføringa både for den som skal røyste og valfunksjonærane. Dette gjeld både i vallokala, under oppteljinga og ved valoppgjeret.

Elektronisk avkryssing i manntalet vil, ifølgje Valgdirektoratet, redusere antall feilavkryssningar i manntalet, fordi valfunksjonærane nyttar strekkoder på valkortet for å slå opp veljaren i manntalet. Vidare vil ordninga med elektronisk manntal føre til ein meir einsarta valhandling frå veljaren, uavhengig av kva krins i kommunen ein røystar. Dette fordi ein vil fjerne bruken av konvoluttar for veljarar som røystar i ein annan krins enn der vedkommande er manntalsført. Dette vil også i større grad sikre prinsippet om hemmeleg val.

Ved bruk av elektronisk manntal på valdagen blir veljarane avkryssa direkte i det elektroniske manntalet i vallokalet på valdagen, dette gjeld også veljarar som røystar utanfor den krinsen ein er manntalsført i. Når veljaren er avkryssa i manntalet vert røystesetelen stempla og lagt rett i valurna. Alle krinsane i kommunen vil til ei kvar tid ha oppdatert manntal og informasjon om ein veljar har stemt eller ikkje.

Både Hornindal kommune og Volda kommune har ved tidlegare val, brukt elektronisk manntal ved førehandsrøystinga.

Dersom kommunen vedtek å innføre elektronisk manntal, må dette gjelde alle valkrinsane i kommunen. Alle vallokale må ha stabilt nett-tilgang på valdagen, med gode back-up løysningar som trådløst nettrutarar med 4G tilgang. I tillegg har systemet eiga beredskapsløysing, dersom det oppstår ein hendelse som gjer det elektroniske manntalet utilgjengelig. I tillegg må alle vallokale ha tilstrekkeleg antall PC-ar og handskannarar for å handtere veljarane på valdagen. Det er naturleg at det vert rekna ein PC på kvar rode. Kommunen må avsette kr. 170.000 på valbudsjettet til innkjøp av PC-ar og handskannarar.

Krins	Røsteføre ved valet 2017	Kryss i manntalet valdagen 2017	Roder/PC valet 2019
Hornindal krins	884 (100 Bjørke)	503 (Bjørke 57)	2
Øyra krins	4700	2319	8
Mork krins	600	325	2
Dalsfjord krins	450	226	1
Folkestad krins	590	298	2
Austefjord krins	250	138	1

I tillegg vil det vere behov for ekstra opplæring av valfunksjonærar som skal handtere røystegivinga på valdagen. Det er viktig at valfunksjonærane er trygge og kan handtere PC/handskannarar. Som ein ekstra ressurs valdagen, kan tilsette frå servicekontoret vere tilgjengeleg i vallokala, dersom det er behov for ekstra bistand i manntalsavkryssinga. For valadministrasjonen vil ordninga med elektronisk manntal effektivisere valgjenomføringa. Det vert ikkje lenger behov for manuell registrering av framande røyster, fordi veljarar som røystar i andre krinsar enn der dei er manntalsført vert avkryssa i det elektroniske manntalet og legg røystesetelen rett i urna.

Det er framleis slik at ein veljar høyrer til i ein krins, men veljaren kan stemme i den krinsen dei sjølve ønskjer. Dette medfører at ved elektronisk avkryssing i manntalet vert stemmesetelen lagt

rett i urna og det vil ikkje vere mogleg å spore røysta tilbake til den krinsen ein er manntalsført i. Røystesetelen vil bli registrert i den krinsen ein har stemt i. Dette medfører at kretsvis resultat og oppmøteprosent kan variere frå tidlegare val. Valdirektoratet seier at det er viktig at ein merkar seg at resultat og oppmøteprosenten ikkje blir feil, men vil gjelde for faktisk oppmøte og resultat for den aktuelle krinsen. Dette vil ikkje gjere noko forskjell i resultat og oppmøteprosent totalt for heile kommunen.

Intensjonsavtalen for nye Volda kommune seier at den nye kommunen skal ha gode tenester, vere ein samfunnsutviklar og vere på høgde med den digitale utviklinga. Fellesnemnda vedtok 16.11.2017 i sak 29/17 at digitalisering skal vere eit av satsingsområda til Nye Volda kommune. Sett i lys av intensjonsavtalen og vedtaket frå fellesnemnda, er innføring av elektronisk manntal eit verktøy for å gjere valgjennomføringa meir framtidsretta og effektiv, både for veljaren, røystestyra og valfunksjonæranne.

Vurdering og konklusjon:

Innføring av elektronisk manntal vil effektivisere gjennomføringa av valet og gi betre service til innbyggjarane. Det vil sikre valgjennomføringa i forhold til at ein alltid har oppdatert manntal, i tillegg til at ein vil få ei raskare opptelling av røyster på valdagen. Elektronisk manntal er også eit verktøy i samsvar med digitaliseringsmålet og intensjonsavtalen til nye Volda kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Det må settast av midlar til PC-ar og handskannarar i valbudsjettet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Elektronisk manntall krev gode back-up løysningar som trådløst nett-rutarar med 4G tilgang. I tillegg har systemet eiga beredskapsløysing, dersom det oppstår ein hendelse som gjer det elektroniske manntalet utilgjengelig.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Valadministrasjonen for vidare arbeid.